



Flinke unge skiløparar. Vi ser uskedelingane Pål I. Haugland(t.v.) og Anna Elisabeth S. Eik(nr.2 f.h.)

OPPDATERT MED FLEIRE BILETE: 10 uskedelingar vart Kvinnheradsmeister då meisterskapet vart arrangert i Fjellhaugen skisenter i dag. I tillegg hadde fleire yngre løparar i klassar utan rangering best tid i sin klasse. Det var Omvkdalen idrettslag og idrettslaget Ternen som stod for arrangementet som samla 54 løparar i konkurransklassen.



Andrea Huse Bjørnebøle var veldig fornøgd med medaljen ho fekk i barneskirenn.

Dei fleste deltakarane kom frå dei to arrangørklubbane og Uskedal idrettslag. Frå UIL deltok 16 løparar. I J12 vart Anna Elisabeth Samland Eik Kvinnheradsmeister, medan Pål Ingmar Haugland sikra seg tittelen i same årsklasse for gutane. Også denne gongen var det ein tett og jamn duell mellom Emma Myklebust Ripel, UIL, og Julie S.

Ersland frå Ternen i J13-klassen. Denne gongen var det Emma som trekte det lengste strået og sikra seg meistertittelen med 1 sekunds margin. Torbjørn Haugland vart Kvinnheradsmeister i same årsklassen for gutar. I J14-klassen vart det nok ein gong dobbelsiger til UIL ved Silje Soldal og Saima Kristine L. Døssland med førstnemnde som den raskaste. Brynjar Vigrestad sikra seg KM-tittelen i G14-klassen. I tillegg vart det KM-tittel til søstrene Veslemøy Haugland(K17) og Solveig Haugland(K18). Tord Sæle og Johannes Haugland(M19-20) sikra dobbelsiger til Uskedal idrettslag med Tord som Kvinnheradsmeister. Kari Bråtun vann K21-35.

Blant dei yngste var det også uskedelingar som gjekk svært godt. Både William Samland Eik, Sigrí Lekva, Karoline E. Myklebust og Sivert E. Myklebust gjekk gode renn, og fleire hadde best tid i sin årsklasse. Vi har ikkje fått tak i namna på deltakarane i barneskirennene enno.



Ung lovande langrennstrio med Eilliam Samland Eik t.v.



Emma M. Ripel i så flott driv at ho vann duellen med Julie S. Erslund



Torbjørn Haugland på toppen av sigerspallen.



Tre flinke langrennsjenter, Emma M. Ripel(f.v.), Silje Soldal og Saima K. L. Døsland



Karoline E. Myklebust gjekk godt.



Sigri Lekva gjorde flott innsats.



Sivert E. Myklebust i fint driv!



Silje Soldal i full fart!



Emma Myklebust Ripel.



Susar av garde.... Torbjørn Haugland



Her går det unna! Saima Kristine Lomheim Døssland



Tord Sæle i fint driv



[Veslemøy Haugland forserer bakkane. Tekst](#)

og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik, Anette Sund og Bjarte Døssland.